



SAKSPAPIR

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh
Kommunestyret	19.06.2012	098/12	IME

Saksansvarleg Inge Ekerhovd	Arkiv: N- Objekt:	ArkivsakID 2012001521
--------------------------------	----------------------	--------------------------

HØYRINGSUTTALE NOU 2012:6 - ARBEIDSRETTEDE TILTAK

Saksutgreiing:

I januar 2011 oppnemnde regjeringa «Utvalget for arbeidsrettede tiltak». Utvalet (16 medlemmer) skulle m.a. sjå nærare på vekst- og attføringsbedriftene (dei såkalla skjerma verksemdene) si rolle i arbeidsmarknadspolitikken, og skissere alternative modellar for korleis ein i framtida kan ivareta målgruppene. I mandatet låg også at ein skulle sjå på rolledelinga mellom tiltaksverksemdene, eigarane deira, Arbeids- og velferdsetaten (Nav) og andre aktørar i denne marknaden (m.a. private).

Andre tema i mandatet var m.a.:

- Sjå på bruken av verkemidlane for å få personar med nedsett funksjonsevne i løna arbeid.
- Korleis lukkast dei skjerma verksemdene?
- Kome med innspel på tiltak for å gjera verksemdene betre tilpassa arbeidslivet, slik det fungerer i dag og i framtida.
- Gje framlegg til alternative modellar for skjerma verksemdar.

Eins tilrådingar frå utvalet:

I rapporten samlar utvalet seg om nokre tydelege tilrådingar:

- Nytte det ordinære arbeidslivet meir som arena for arbeidsretta tiltak (skjerma verksemd).
- Redusere ventetida for dei som skal inn i arbeidsretta tiltak.
- Betra kvaliteten på arbeidsretta tiltak.
- Drive meir forskning og utviklingsarbeid på området.
- Kompetansebygging innafor feltet må i større grad enn i dag dekkast gjennom relevante utdanningar (sosialt arbeid og velferdsutdanning m.m.)
- Meir satsing på etter- og vidareutdanning for dei tilsette.
- Kompetansen på oppfølging av brukarane må fylgje dei ved utplasseringa i det ordinære arbeidslivet.

- Ikkje tidsavgrensa tilrettelagt arbeid for å ivareta personar med varig nedsett funksjonsevne i det ordinære arbeidslivet.

Delte tilrådingar frå utvalet:

Utvalet har i rapporten delt seg i høve til 3 ulike modellar for tiltaksverksemd:

1. Modell for individretting og førehandsgodkjente tiltak (støtta frå 6 medlemmer).
Hovudendring: Frå aktivitetsretta verksemd til individretta kvalifisering og oppfølging. Vidareføring av Varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd (VTA og VTO) og tilrettelagt arbeid i attføringsbedrift (TIA).
2. Modell for arbeidsinkludering (støtta frå 5 medlemmer).
Hovudendring: Satse på det ordinære arbeidslivet som arena for attføring og arbeidsretta tiltak. Utvikle betre oppfølgingsfunksjonar rundt tiltak i det same næringslivet. Tidleg utplassering. Styrke inkluderingskompetansen i det ordinære arbeidslivet. Redusere mellombels tiltak i skjerma verksemdar. Sleppe til nye aktørar og gje Nav i oppdrag å yte slike tenester.
Modellen vil innebere ei radikal nedtrapping av dei skjema verksemdene. Nav vil ta over det meste av attføringsarbeidet og nytta det ordinære arbeidslivet til arena for tilpassa arbeid.
3. Modell for konkurranseutprøving (støtta frå 5 medlemmer)
Hovudendring: Det ordinære arbeidslivet bør i størst mogeleg grad nyttast som arena for attføring / arbeidsretta tiltak (eksterne tiltak). Framleis nytta arbeidsretta tiltak, kalla interne tiltak, i eigene verksemdar (skjerma sektor). Betra kvalitet både på organisering, prosess og resultat. Leggja betre til rette for at menneske med nedsett funksjonsevne kan ta del i arbeidslivet ut frå eigne føresetnader. Sjå på bruken av ikkje tidsavgrensa tiltak.

Vurdering:

Gjennom eit regionalt samarbeid over mange år har Sund kommune gjort mange positive erfaringar med både det å eige og drive / utvikle arbeidsretta tiltak. Gjennom Trigger Jobb AS har Sund kommune eit godt verkemiddel. Verksemda har etablert ein variert produksjon og sysselset i dag 38 årsverk i det ordinære arbeidslivet. Frå sumaren 2012 vil verksemda ha til saman 247 ulike tiltaksplassar (VTA, APS og AB). Dei tilsette er i alderen 18 til 70 år.

Det er viktig å vera open for dei endringar som skjer i samfunnet/ arbeidslivet. Vi ser også gode resultat der Nav og kommunen sitt oppfølgingsapparat har utvikla gode individuelle tiltak i samarbeid med det ordinære arbeidslivet.

Utvalet har peika på viktige område for forbetring for dei skjema verksemdene. Som eigar må Sund kommune sjå om ein har teke nok ansvaret for kvalitet, utvikling og resultat for brukarane. Det er viktig at kommunen nytta eigarskap til å utvikle Trigger Jobb AS i tråd med dei endringane utvalet er samde om.

Tilråding til vedtak:

Sund kommunestyre støttar utvalet sin modell 1 om førehandsgodkjente tiltaksverksemdar for arbeidsretta tiltak.

Sund kommunestyre ser behovet for å utvikle dei skjerma verksemdene i tråd med utvalet sine eins tilrådingar. Kommunen forventar at staten gjennom sine finansierings- og tilskotsordningar byggjer under ei slik utvikling.

19.06.2012 KOMMUNESTYRET**K-098/12 Vedtak:**

Tilrådinga vart vedteken samrøystes.

Rett utskrift	
Dato:	Kopi til:
	Inge Ekerhovd for eksp.